



Føreord frå dei nye redaktørane

Kjære leser

Ved årsskiftet overtok vi redaktøransvaret for Norsk Lingvistisk Tidsskrift, etter oppnemning av Det Norske Videnskabs-Akademii. Vi er takksame for tilliten vi har fått, og vi gler oss til å vere med på å løfte fram eit mangfold av faglege emne innanfor norsk lingvistikk. Vi ynskjer velkommen artiklar som omhandlar tematikk innanfor alle dei språkvitskaplege disiplinane. I dette arbeidet vil vi ha nytte og glede av samarbeid med det nye redaksjonsrådet.

I føreordet til nr. 20-2 takkar Ernst Håkon Jahr av det førre redaksjonsrådet, som då hadde fullført femårsperioden sin, og gjort ein solid innsats for NLT. Det nye redaksjonsrådet, som vi presenterer her, er samansett av fagpersonar frå eit breitt spekter av landets universitet og høgskular som har fokus på lingvistiske emne. Nokre utanlandske representantar har vi òg med. I det nye redaksjonsrådet sit Gisle Andersen (NHH), Kaja Borthen (NTNU), Kristin Melum Eide (NTNU), Þórhallur Eyþórsson (Háskóli Íslands), Hilde Hasselgård (UiO), Ernst Håkon Jahr (UiA), Marit Julien (Lunds universitet), Tor Anders Åfarli (NTNU), Åse Mette Johansen (UiT), Tor Arne Haugen (HVO), David Hákansson (Uppsala universitet), Tore Nesset (UiT), Randi Neteland (UiB), Åshild Søfteland (HiØ) og Signe Laake (OsloMet). Vi er glade for at dei vil stille kompetansen sin til rådvelde for NLT, og ser fram til eit godt og fruktbart samarbeid dei komande fem åra.

I tidsskriftet ynskjer vi som vanleg å trykke vitskapleg solide tekstar om norsk lingvistikk. Den viktigaste teksttypen i NLT vil framleis vere vitskaplege artiklar. Fagfellevurdering er ei særskilt viktig side ved vitskapleg publisering, og NLT vil halde på ordninga med at kvar artikkel blir lesen av to fagfellar i ein dobbeltblinda prosedyre. Vi er svært takksame for positive svar når vi kontaktar moglege fagfellar. I tillegg til artiklar vil vi også publisere bokmeldingar. Desse er viktige for å anerkjenne arbeidet som ligg i å skrive vitskaplege monografiar, antologiar og lærebøker. Vi ser også føre oss at vi stundom vil trykke disputasinnlegg.

Redaktørane planlegg ei fordeling av frie allmennummer og temanummer med gjesteredaktørar, slik at det alltid skal vere råd å få plass til enkeltståande

4 Forord fra de nye redaktørene

artiklar i tidsskriftet. NLT vil bli redigert på nynorsk, i den opphavlege tradisjonen til NLT, som blei tatt opp igjen av Janne Bondi Johannessen frå 2016.

NLT ynskjer å arbeide for at tidsskriftet skal vere ein attraktiv publiseringsskanal i formidlinga av fagtekstar om norsk språk, på norsk. Vi har også kolleger utanfor Noregs grenser, og ein kan skrive på engelsk om emnet er norsk språk. I tillegg vil det nokre gonger vere fint å ha med bokmeldingar frå internasjonale anmeldarar på engelsk, slik at bøker som har med norsk språk å gjere, får bli godt kjent.

Ved å halde på norsk som hovudspråk i NLT vil vi bidra til å løfte norsk som fagspråk og vidareutvikle norsk fagterminologi. Berre gjennom å skrive fagstoff på norsk kan vi syte for at norsk som fagspråk og norsk fagterminologi i våre disiplinar blir skjøtt og vidareutvikla til å dekke alle fagkategoriar og teoretiske retningar. Når ein kan skrive på førstespråket, opnar det også for ei anna form for fagskriving, med større nyanserikdom og auka presisjon. Norsk som publiseringsspråk gjer dessutan tekstane lettare tilgjengeleg for delar av lesargruppa.

Det å nytte sosiale medium er ein god måte å halde kontakt med lesarane på mellom kvar utgjeving av NLT. Vi har ambisjonar om å oppretthalde og vidareutvikle Facebooksida til NLT. Der vil vi legge ut informasjon om nye nummer, invitasjonar til å skrive artiklar eller bokmeldingar, og elles oppmøde til ein levande samtale om faglege spørsmål.

Dette nummeret av NLT inneholder ei samling artiklar om ulike aspekt ved andrespråklæringsprosess, gjestereditert av Ann-Kristin Helland Gujord og Guro Busterud. De kan lese meir om innhaldet med presentasjon av arbeidet og artiklane i føreordet som fylgjer etter dette. I tillegg inneholder nummeret ei bokmelding av *Språket som vart norsk* av Ivar Berg, skriven av Sverre Stausland Johnsen. Denne bokmeldinga blei bestilt av Janne Bondi Johannessen. Vi er glade for å kunne ha ho med her, og for å fullføre arbeidet med dei tekstane som Janne såg føre seg.

Vi ber om at nye manus blir sendt til Elin Gunleifsen (elin.gunleifsen@uia.no), og at de følgjer forfattarinstrukturen på heimesida til NLT.

Elin Gunleifsen, Gro-Renée Rambø og Magnhild Selås